KVINNHERAD
KOMMUNE

P 5158

Avløpssanering Røssland - Kaldestad Entreprise E5 - Grunn- og ledningsarbeider delområde D

OVERORDNA SHA PLAN

Saksnr: 2026/3854

Revisjons-nr.	Endring	Utarbeida av	Dato
1	SHA-plan konkuransgrunnlag	PIN	04.05.2026

Innhaldsliste

1 INNLEIING 2
1.1 Mål 2
1.2 Kort om prosjektet 2
1.3 Geografisk plassering av tiltaket 3
1.4 Oppdatering og distribusjon av SHA-planen 3
2 ORGANISERING – ENTREPRISEFORM OG ROLLEFORDELING 4
3 FRAMDRIFTSPLAN 6
3.1 Hovudframdriftsplan i utføringsfasen (viktige milepelar) 6
3.2 Detaljert framdriftsplan 6
4 SPESIFIKKE TILTAK 6
4.1 Moglege farar og tiltak 6
4.2 Oppfylging 7
5 AVVIKSHANDSAMING 9
5.1 Avvik frå SHA-planen 9
5.2 Entreprenørens plikter 9
5.3 Byggherrens plikter 9
5.4 Rutine for avviksbehandling: 10
6 OVERSIKTSLISTE PERSONELLREGISTER 10
7 PERSONLEG VERNEUTSTYR 10
8 AKTUELLE BESTEMMELSAR SOM BERØRER SHA – PLAN 10
8.1 Riggplan 10
8.2 Førstehjelp-/og beredskapsutstyr 11
8.3 Skilting og merking 11
8.4 Brakker 11
8.5 Tilkomst 11
8.6 Sikring av bygge- og anleggsområdet 11
8.7 Ferdselsvegar for arbeidstakarar 11
8.8 Maskinar og bilar 12
8.9 Arbeidstidsordning 12
8.10 Dokument som skal vera lett tilgjengeleg/synleg på byggjeplass 12
9 DOKUMENTASJON 12
10 VEDLEGG TIL SHA PLAN 13

1 INNLEIING

1.1 Mål

Denne planen er utarbeida med utgangspunkt i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (Byggherreforskrifta).

Målsetting for prosjektet:

- Ingen uønskte hendingar som fører til død eller alvorleg personskade.
- Ingen skadar med fråvær til fylgje.
- Ingen påverknad på personar som fører til svekka helsetilstand.

1.2 Kort om prosjektet

Prosjektnamn:	P 5158 Røssland
Type prosjekt:	Omfattar: Grunnarbeid pumpestasjon og VA-arbeid
Adresse bygg- og anleggsplass	Røssland
Stadlege forhold	Bustad, innmark og skog

Kort skildring av prosjektet

Kvinnherad kommune skal etablera pumpestasjon for overføring av avlaup frå Bjørkhaugen og nærliggjande område til den nye slamavskiljaren på Røssland. Arbeidet omfattar opprusting av tilkomstveg til anlegget, etablering av grop for pumpestasjon og montering av denne.
Pumpestasjon vert levert av anna entreprise men transport frå lager og nedsetting inngår.
Overvass, avlaup og vassleidninggrøfter med nedsetting av kummar. Kabelgrøfter med tilhøyrande arbeider for framføring av straum.
Sjøleidningar frå pumpestasjon og fram til slamavskiljar samt overlaupsleidning er framlagt og ein skal knyta seg til denne i sjø på staden.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Tiltaket er lokalisert i Kvinnherad kommune, Vestlandet. Vedlagt er kart i 1:5 000 og 1:50 000.

Figur 1. Til venstre viser ein lokalisering i 1:5 000, mens til høgre viser ein lokalisering i 1:50 000.

1.4 Oppdatering og distribusjon av SHA-planen

Byggherre i lag med hovudentreprenør skal ved oppstart av kontrakten, gje informasjon om innhaldet i SHA-planen til alle side-/under entreprenørar som er kjent på oppstartstidspunktet. For entreprenørar som kjem inn på eit seinare tidspunkt, vert det gjeve tilsvarande informasjon før arbeidet deira startar opp.

Denne SHA-planen er utarbeida i byggjefasen av prosjektet. Under arbeide på bygge- eller anleggsplassen skal byggherren i samråd med SHA-koordinator for utføringsfasen organisere ein prosess der alle involverte partar deltek, for komplettering og oppdatering av SHA-planen, herunder vurdering av risikoforhold og spesifikke tiltak.

Hovudbedrift skal i samarbeid med øvrige arbeidsgjevarar samordne prosjektets internkontroll. Alle arbeidsgjeverar skal drive systematisk HMS-arbeid og sjølve syta for å innarbeide relevante delar av SHA-planen i sitt system for internkontroll iht. Internkontrollforskriften.

SHA-planen og eventuelle endringar i denne skal vera lett tilgjengeleg og gjerast kjent for alle involverte på arbeidsplassen. SHA-planen skal oppdaterast fortløpande dersom det oppstår vesentlege endringar som har betyding for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø, blant anna ved forsinkingar som medfører endringar i tidsplanen, endringar i allereie planlagde spesifikke tiltak eller når det oppstår nye risikoforhold som føre til fare for liv og helse etc. SHA-koordinator er ansvarlig for oppdatering og distribusjon av SHA-planen, iht. distribusjonslista under. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å gje informasjonen vidare til arbeidstakarane.

Funksjon	Kontaktperson	Verksemd	E-post
Byggherre	Leif Ove Mikkelsen	Kvinnherad kommune Kommunedirektør	Leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no
Byggherrens representant	Per Inge Naterstad	Kvinnherad Kommune	Per.inge.naterstad@kvinnherad.komune.no
SHA-koordinator prosjektering	Per Inge Naterstad	Kvinnherad kommune	Per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no
SHA-koordinator utføring	Trond Steinsvik	Kvinnherad Kommune	Trond.steinsvik@kvinnherad.kommune.no
Prosjekterande Prosjekteringsleiar	Norconsult AS	Endre Trovik	Endre.trovik@norconsult.com
Entreprenør Dagleg leiar			
Entreprenør Anleggsleiar			
Entreprenør Verneombod			
Entreprenør KS/HMS ansvarleg			

2 ORGANISERING – ENTREPRISEFORM OG ROLLEFORDELING

Entrepriseform	*Kryss av*	*Merknader*	*Epost/mobil*
Hovudentreprise	*X*		

Organisasjonskart: HOVUDENTREPRISE



Raud tekst: Rolle iht byggherreforskrifta/arbeidsmiljølova. NB: Rollen som koordinator er å anse som kontaktpersoner hos byggherre. Juridisk person er Kvinnherad kommune som byggherre (rettssubjekt)
Blå tekst: Entrepriseforhold

3 FRAMDRIFTSPLAN

Framdriftsplanen skal syne at dei forskjellige arbeidsoperasjonar ikkje fell saman på ein slik måte i tid eller stad at arbeidstakarane utsettast for fare, og skal vera så detaljert at den er eit hensiktsmessig verktøy for koordinering i utføringsfasen.

3.1 Hovudframdriftsplan i utføringsfasen (viktige milepelar)

Skildring	Dato
Bygge-/anleggsstart	01.09.2026
Opprydding og sluttdokumentasjon	10.02.2027
Overtaking frå entreprenør til byggherre	28.02.2027

3.2 Detaljert framdriftsplan

Overordna framdrift for prosjektet framgår av entreprenørens framdriftsplan.
Framdriftsplanar er ein del av SHA-planen, og må vera tilgjengeleg for alle arbeidsgjevarar og arbeidstakarar på bygge- eller anleggsplassen. Entreprenøren skal utarbeide detaljert framdriftsplan for prosjektet og revidera den ved behov. Planen skal ta omsyn til og ha fokus på å unngå skader på liv, helse og miljø. Det er difor viktig at det er avsett nok tid til at tryggleikstiltaka kan gjennomførast.

Ved endringar i planlagt framdrift, skal det alltid takast ei vurdering på om risikoforhold vert endra som fylgje av tidspress, ei anna rekkjefylgje på arbeidet, fleire arbeidsoperasjonar samstundes i same område m.m. Det skal synleggjerast at endringar i tidspunkt/rekkefylgje kan medføre auka risiko.

4 SPESIFIKKE TILTAK

4.1 Moglege farar og tiltak

Byggherren har utført ein overordna risikovurdering for «Va- prosjekt Røssland». Ei risikovurdering er alltid knytt med usikkerheit og er derfor ingen fasit for kva som kan skje. Den inngår som eit beslutningsunderlag både under planlegging og utførelse av arbeidet. Risikovurderingane for **Va-prosjekt Røssland** er beskrive på dei neste sidene. Identifiserte farar som krev risikoreduserande tiltak er markert med raudt og farar der tiltak må vurderast er markert med gult. Farar markert med grønt er vurdert til å ha så låg risiko at tiltak vanlegvis ikkje er naudsynt. Risikoreduserande tiltak er også lagt inn som forutsetning ved risiko-vurderinga før vurdering av konsekvens og sannsynlegheit. Grøne hendingar vil framleis innebere ein viss risiko, særleg dersom dei skjer svært ofte. Med svært ofte meinast i denne samanheng mange gonger i løpet av 14 dagar. Slike hendingar (eks repeterande og statiske arbeidsoperasjonar) kan vera både forstyrrande for andre og gje moglege seinskadar for arbeidstakarane. Dei må difor fylgjast opp med relevante prosedyrar frå arbeidsgjevar sjølv om dei normalt sett ikkje gjer skader av betydning.

4.2 Oppfylging

Byggherrens overordna og eventuelt detaljerte risikovurderingar med tiltak er ikkje nødvendigvis uttømmande. Entreprenøren skal vurdere byggherrens konklusjonar, samt gjere sjølvstendige vurderingar av risikofylte arbeidsoperasjonar. Løpande risikovurderingar skal inngå som ein del av entreprenørens internkontroll. Det innebere blant anna at det skal takast løpande vurdering av identifiserte risikoområde og spesifikke tiltak i SHA-planen. Vidare skal byggherre informerast om risikoforhold og spesifikke tiltak som ikkje står i planen. Sjå også pkt. 1.3.
Begge partar skal gje løpande tilbakemelding om nye risikoforhold eller endra forutsetningar i risikovurderinga.

Dokumentasjon av entreprenørens eigne risikovurderingar og sikker-jobb-analyser (SJA) skal overleverast byggherre løpande i kontraktstida. Risikoreduserande tiltak som opplista under (ikkje uttømmende) har entreprenør ansvar for å utføre før start av kontrakten og under arbeidet.

Merk at generelle farar som dekkast av generelle risikoreduserande lov-/forskriftskrav og normale arbeidsinstruksar, ikkje omtalast i tabellen for spesifikke tiltak under.

Aktivitet/Forhold	Årsak	Hending	Konsekvens		Tiltak for redusert sannsynlegheit	Tiltak for redusert konsekvens.
Arbeid som medfører at personar kan verta skada ved fall	Ved djupe grøfter, murkantar og skjeringar	Fall ned frå topp grøft, murar eller skjeringar	Personskade		Sikkerjobbanalyse før arbeidsstart. Bruk av sikringsutstyr. Utarbeiding av grøfteplan.	Sikringsgjerde og sikringsutstyr.
Graving av grøfter	Ras av byggegrop, klemskadar og personskade, grøft til røyr, el.kabel og byggegrop	Ras av byggegrop pga. ustabile masser	Personskade		Grøftplan, sikker jobbanalyse, tilstrekkeleg skråningsvinkel, rømningsveg.	Grøftplan, sikker jobbanalyse, tilstrekkeleg skråningsvinkel, rømningsveg, evt. grøftekasett
Arbeid med farleg reiskap/utstyr	Skader ved bruk av reiskap som motorsag, vinkelslipar, gravemaskiner eller liknande.	Skader kan skje ved feil bruk, uforsiktigheit, manglande bruk av verneutstyr og verneinnretningar	Skade på materiell og utstyr, personskade		Berre personar som har godkjent kurs/utdanning kan nytte utstyret.	Bruk av sikkerheitsutstyr. Berre fagarbeidarar handterer utstyret/verktøyet.
Arbeid som medfører fare for helseskadeleg eksponering av støv, gass, støy eller vibrasjonar	Ved bruk av støyande maskiner/utstyr/materiell	Skade på hørsel, luktesans eller kroppen	Personskade		Bruk av anbefalt verneutstyr.	Bruk av sikkerheitsutstyr og verneutstyr. Berre fagarbeidarar handterer utstyret/verktøyet.
Fare for bortfall av spillvatn evt. spillvatn ut i byggegrop	Manglande omlegging / avgraving av røyr	Brot på avlaup-/ spillvassleidning	Driftsforstyrringar		Omlegging av spillvassrøyr utanfor eller i kant av byggegrop	Sørge for at forureininga vert samla opp og frakta til filtrering.
Fare for brot på vassforsyning	Graver over spill/vassleidning ved graving av grøfter	Vassleidningsbrot, spillvannsbrot	Driftsforstyrringar. Bortfall av sløkkevatn.		Vurdere omlegging av VA ledningar. Avklare kor djupt eksisterande vassleidningar ligger i dag.	Arrangere eige koordineringsmøte med VA-avdeling i kommunen. SJA utarbeidast før oppstart av arbeider
Trafikkavvikling, med omsyn til mjuke trafikantar	Gåande inn i anleggsområde	Personar kan komme i klem, verta skada av maskiner, falla ned i opne grøfter. Uhell på grunn av passerande køyretøy. Påkøyrsle av bilar. Mangelfull sikring, feil skilting.	Skade på materiell og utstyr, personskade		Sikringsgjerde rundt anleggsområdet.	Fokus på at vegen skal vera godt sikra mot anleggsområde.
Arbeid med montering av tunge element	Klemfare ved montering av stein, betong, kummar, røyr og røyrdelar	Kan få element over seg ved eller koma i klem. Feil på løfteutstyr, feil bruk, lite merksemd, manglande sikring/ sperring. Dårleg planlegging/ kommunikasjon mellom kranførar og personell på bakken.	Skade på materiell og utstyr, personskade		Sikkerjobbanalyse før arbeidsstart. Leiar for sikkerheit.	Bruk av sikkerheitsutstyr. Berre fagarbeidarar handterer utstyret/verktøyet.
Arbeid som medfører at personar kan verta skada av fallande gjenstandar	Arbeid i høgde med pumpestasjon og kummar, heising av kummar osv.	Fare for fallande gjenstand, klemfare.	Personskade, dødsfall.		Sikkerjobbanalyse før arbeidsstart. Bruk av stillas/rekkverk.	Sikringsgjerde og sikringsutstyr, god kommunikasjon mellom kraførar og andre..
Arbeid på plassar med passerande trafikk	Det kan vera konflikt mellom anleggsarbeidet og trafikk på omkringliggjande vegar	Påkøyrsel av køyretøy eller 3. person	Skade på materiell og utstyr, personskade		Tydeleg avsperringa av anleggsområde og område for trafikk, samt tydeleg skilting. G	Bruk av sikringsgjerde og sikringsutstyr. Bekrefte at dette er på plass.

Arbeid nær installasjonar i grunnen	Graving rundt straumførande leidningar og anna utstyr	Leidningar/utstyr kan verta øydelagde	Skade på materiell og utstyr, personskade,		Påvising av eksisterande anlegg. Grave forsiktig ved veg, grave/sprenge forsiktig ved murar og installasjonar. Sikre anleggsområdet godt	Bruk av sikkerheitsutstyr. Berre fagarbeidarar utfører arbeidet.
Fare for straumbrot, og straumgjennomgang	Graving ved og under høgspentkabel og anna arbeid nær straumførande leidningar	Straumbrot, utsett for straumgjennomgang	Brot i straumforsyninga til abonnentar, straumgjennomgang, personskade, dødsfall		Sikkerjobbanalyse før arbeidsstart	Eige koordineringsmøte med BKK. Påvising av leidningar i grunn. SJA utarbeidast før oppstart av arbeider. Leiar for sikkerheit skal oppnemnast.
Fare for elektrisk støyt	Graveaktivitet, og spesielt graving ifm. kablar.	Brot på kablar ifm. gravearbeid	Personskade, dødsfall		Sikkerjobbanalyse før arbeidsstart	Eige koordineringsmøte. SJA utarbeidast før oppstart av arbeider
Anleggsstøy	Byggearbeid, riving/pigging	Støypåverknad	Påverknad av tilsette og naboar		Utføre støyande arbeider på gunstige tidspunkt	Bruk av verneutstyr. Arbeidstidsbestemmelsar.
Uvedkommande på anleggsområdet.	Born/mjuke trafikantar/uvedkommande tar seg inn på byggeplassen.	Tjuveri av utstyr, hærverk, personskade, skade på utstyr osv.	Skade på materiell/personar eller utstyr.		Sikring med byggegjerde. Elektronisk mannskapsregistrering.	Gode rutinar på bruk av byggegjerde og lukking av portar.

5 AVVIKSHANDSAMING

Alle på bygge-/anleggsplassen har eit ansvar for å rapportere avvik (endringar og oppdateringar) frå denne SHA-planen.

5.1 Avvik frå SHA-planen

Endringar i SHA-planens forutsetningar skal handterast som avvik. Med avvik er her å forstå: - endringar i organisasjon, både byggherres og entreprenørens organisasjon, - endringar i tidsplanen, framdriftsplanen ved forhold som har betydning for samordninga av arbeidsoperasjonar mellom dei ulike entreprenørane - forhold som krev spesielle tiltak. Når det avdekkast nye forhold som ikkje er beskrive i SHA-planen og som er av betydning for arbeidstakaranes liv og helse

5.2 Entreprenørens plikter

Representant frå hovudentreprenør/sideentreprenør skal straks melde til byggherren når det avdekkast eller oppstår avvik i forhold til organisasjon, framdrift og når nye forhold som krev spesielle tiltak oppstår. I avviksmelding skal det leggjast fram for byggherren forslag til løysing som bidreg til å lukke avviket/avvika.

5.3 Byggherrens plikter

Byggherren skal vurdere avvik, eventuelt drøfte forslag til løysing før beslutning om tiltak takast. Byggherren skal fortløpande oppdatere SHA-planen når det oppstår endringar i planforutsetningane som har betydning for arbeidstakaranes liv og helse. Entreprenøren skal umiddelbart orientere sine tilsette og underentreprenørar om endringar og oppdateringar av SHA-planen.

5.4 Rutine for avviksbehandling:



HMS avvik (både ulykker, nesten-ulykker og for farlege forhold) skal rapporterast i henhold til byggherrens gjeldande skjema og rutinar. Alle avvik skal handsamast i byggemøte med sikte på å klarleggja årsaksforhold og fastsetja tiltak for å hindre gjentaking. Entreprenøren skal sørge for at informasjon og erfaringsoverføring frå avvikshandsaminga blir gjeve til alle som jobbar på det aktuelle prosjektet. Flytskjemaet til venstre viser prosessen for avviksbehandling.

Flytskjema prosessen avvikshandtering

6 OVERSIKTSLISTE PERSONELLREGISTER

I høve til Byggherreforskriften § 15 skal det som ledd i koordinering førast oversiktslister over alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen. Oversiktslista skal føres elektronisk og kontrollerast dagleg. Listene skal vera tilgjengeleg og skal på oppfordring visast fram til arbeidsgjevar, verneombodet og Arbeidstilsynet. Listene skal oppbevarast i seks månadar etter at bygge- eller anleggsarbeidet er avslutta.

7 PERSONLEG VERNEUTSTYR

Alle som arbeidar på byggeplassen skal nytte personleg verneutstyr. Besøkande skal minimum nytte hjelm, vernesko og refleksvest.

Der det er behov for spesielt verneutstyr knytt til enkelte arbeidsoperasjonar, er vedkommande som nyttar denne type sikringsutstyr også ansvarleg for å påsjå at andre i nærleiken nyttar tilsvarande utstyr, eller at tilstrekkeleg område blir avsperra. Dispensasjon for disse pålegg kan kun gis av KU.

8 AKTUELLE BESTEMMELSAR SOM BERØRER SHA – PLAN

Arbeidsplassforskriften § 2-24. Særskilte vernetiltak for utendørs arbeidsplasser

Utendørs arbeidsplasser skal så langt det er mulig være innrettet slik at arbeidstakerne:

- *a) er beskyttet mot ugunstige værforhold,*
- *b) er vernet mot fallende gjenstander,*
- *c) ikke blir utsatt for skadelig støy eller for skadelige ytre påvirkninger som f.eks. gass, damp eller støv,*
- *d) raskt kan forlate arbeidsplassen ved fare eller raskt kan reddes,*
- *e) ikke kan gli eller falle.*

Arbeidstakerne skal ha tilgang til lokale hvor de kan oppholde seg når det er nødvendig av hensyn til arbeidstakernes sikkerhet, helse og arbeidsmiljø.

Arbeidsplasser på utendørs stillas skal om nødvendig være dekket med presenning eller lignende og ha lokal oppvarming og belysning.

8.1 Riggplan

Riggplan skal gje ein god oversikt over byggeplassområdet med samlingsplass, samt kvar fyrstehjelp og beredskapsutstyr finnes. Det forventast at hovudbedrift/totalentreprenør lagar riggplan for prosjektet. Fylgjande skal minst vera angitt på riggplanen:

- Situasjonsplan med innteikna eksisterande og evt. Nye bygg og kontruksjonar inkl. utsett nabobebyggelse eller konstruksjonar. Brakker, lagercontainere, materialoppbevaring og avfallscontainere.
- Tekniske hjelpemidlar; stillaser og kraner.
- Sikkerhetssoner og faresoner.

- Byggegjerder.
- Felles adgangs- og transportvegar.
- Anmerkning av rømmingsvegar der dette er naudsynt.
- Vatn- og straumtilkoplingspunkter.
- Eventuell utvendig belysning.
- Plassering av byggeplasskilt, oversiktstavle m.v.
- Plassering av fyrstehjelpsutstyr og sjukebåre.
- Plassering av brannsløkkingsutstyr

8.2 Førstehjelp-/og beredskapsutstyr

Hensiktsmessig fyrstehjelpsutstyr skal vera lett tilgjengeleg på alle stader der arbeidsforhold gjer det naudsynt.

8.3 Skilting og merking

Sikkerheitsskilting skal hurtig og tydleg rette oppmerksamheita mot dei formål og situasjonar som kan innebere fare. Sikkerheitsskilting skal ikkje erstatte naudsynte verneinnretningar.

8.4 Brakker

Skal fylgje krav i Arbeidsplassforskriften kap.3.

8.5 Tilkomst

Arbeidsplass og ferdselsvegar medrekna trapper, der arbeidstakarane oppheld seg under arbeidet, skal vera utforma på ein slik måte at gåande og køyrande ferdsel kan foregå på ein sikkerheitsmessig forsvarleg måte. Ferdsels- og adkomstvegane skal vera tydelege merka dersom det er påkrevd for å sikre vern av arbeidstakarane.

8.6 Sikring av bygge- og anleggsområdet

Uvedkommande skal ikkje ha tilgang til bygg- eller anleggsområdet. Anleggsområdet skal sikrast med solide byggegjerde og skilting. Det skal nyttast elektronisk adgangskontroll som registrere dei som oppheld seg inne på anleggsområdet til einkvar tid.

Anlegget skal vera låst/avstengt når det ikkje pågår arbeid på plassen. Alle mellombelse sikringstiltak t.d. Utsparingar i dekker/brureis skal vera sikra med rekkverk, det same skal evakueringsvegar ut av anlegget om det skulle oppstå ei hending.

Der det nyttast stillas skal desse vera godkjente og forsvarleg sikra.

Det er i utgangspunktet dei ansvarlege for byggeprosjektet som også skal sørgje for sikkerheita på byggeplassen. Kommunen kan likevel bli kontakta for ei nærmare avklaring om reglar. Kommunen har også myndigheit til å gi pålegg dersom det er naudsynt.

8.7 Ferdselsvegar for arbeidstakarar

Alle ferdselsvegar skal utformast slik at all ferdsel kan foregå ein sikkerhetsmessig forsvarleg måte.

8.8 Maskinar og bilar

Alt utstyr som verktøy,maskinar og bilar skal vere forsvarleg sett opp og halde ved like.

8.9 Arbeidstidsordning

Skal fylgje til ein kvar tid gjeldande regelverk. Byggherren skal til ein kvar tid haldast orientert om dei arbeidstidsordningar som nyttast. Dersom entreprenøren får dispensasjon for endra -/utvida arbeidstid frå kommunelege eller arbeidstilsyn, skal kopi av dispensasjon sendast byggherren omgåande.

8.10 Dokument som skal vera lett tilgjengeleg/synleg på byggjeplass

Sikkerheitsbestemmelsar for byggeplassar	Minimumskrav til sikkerheitsbestemmelsar. Kan supplerast med entreprenørens eigne bestemmelsar der desse er strengare.	
Varslingsinstruks	Skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stadar	
Samordningsskjema	Arbeidstilsynets skjema best.nr. 504	
Overordna SHA - Plan	Skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stadar	
SJA	Skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stadar	
Grøfteplaner	Skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stadar	
Forhandsmelding til Arbeidstilsynet	Skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stadar	

9 DOKUMENTASJON

Noko dokumentasjon krevst overlevert ved oppstart og noko skal overleverast undervegs i arbeidet med prosjektet. Fylgjande dokument skal gjerast tilgjengeleg for byggherren (kopi eller innsyn):

- HMS-erklæring ved underentrepriser
- Beredskapsplanar for ulykke, brann, forureining m.m.
- Dispensasjon for endra/utvida arbeidstid

- Sprengingsplan
- Grøfteplanar
- Dokumentasjon på gjennomgått SJA
- Dokumentasjon på at prosedyrar og instruksar er gjennomgått
- Oppdatert førehandsmelding
- Oversiktslister
- Pålegg frå Arbeidstilsynet eller andre tilsynsmyndigheiter
- Rapportar over uønskte hendingar inkl. avviksbehandling
- Referat frå vernerundar
- Avfallsplan
- Deklarasjon for farleg avfall
- Godkjent arbeidsvarslingsplan
- HMS-datablad og informasjonsark for denne kontrakten
- Dokumentasjon på opplæring og kompetanse som er relevant for arbeidsoppgåvene
- Overtidslister
- Skiftplanar og arbeidstidsavtalar
- Sertifikater og kontrollbøker
- Journal over spesielle hendingar
- Meldingar om avvik frå SHA-plan

For denne kontrakten er HMS-dokumentasjon arkivert på WEBHOTELL.

10 VEDLEGG TIL SHA PLAN

NR	DOKUMENT	KOMMENTAR
1	Byggeplassgjerde	
2	Grøftearbeid	
3		
4		
5		
6		
7		